



Dnb Eiendom AS
v/Annaniassen, Hasse Børge
Postboks 1600 Sentrum
0021 OSLO

Deres ref.:

Vår ref.:
20/16124 - 3 / MELABJ

Vedtaksdato:
27.10.2020 1146/20

Innvilga konsesjon GBNR 158/1 Elsås Nordre - korrigering av vedtak i administrativ sak 1112/20

Administrativt vedtak. Saknr: 1146/20

VEDTAK:

"Alver kommune gjev med heimel i konsesjonslova §§ 2, 9 og 11 konsesjon til Sissel Eide Korsvold for overtaking av gnr. 158, bnr. 1 Elsås Nordre. Den avtala kjøpesummen er på kr. 3 800 000.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga i administrativ sak 1112/20."

Det er eit vilkår at skogressursane vert skjøtta i samråd med skogetaten og at dersom drive plikta av jordbruksarealet skal oppfyllest ved bortleige, må leigeavtale sendast kommunen innan 1 år etter overdraging.

Saka gjeld:

Ved ein inkurie er det komen feil gardsnummer i tittel og vedtak på administrativ sak 1112/20 som gjaldt konsesjon for kjøp av GBNR 158/1 på Elsås Nordre. Dette har ikkje betydning for dei faktiske tilhøva, regelverk og vurderinga som er gjort med grunnlag i GBNR 158/1

For å retta opp feilen er det gjort nytt vedtak, men bagrunn og vurdering ligg i sak 1112/20.

VURDERING:

Syner til vurdering i administrativ sak 1112/20.

Regelverk

Syner til vurdering i administrativ sak 1112/20.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med hilsen

Laila Bjørge
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakere:

Dnb Eiendom AS

Sissel Marie Eide Korsvold

Postboks 1600 Sentrum

Tuftamyra 4

0021

5911

OSLO

ALVERSUND